

Vurderingar omkring utslepp frå planlagt reinseanlegg ved Notanes i Øystese



RAPPORT

Hovedkontor

Gaustadalléen 21
0349 Oslo
Telefon (47) 22 18 51 00
Telefax (47) 22 18 52 00
Internett: www.niva.no

NIVA Region Sør

Jon Lilletuns vei 3
4879 Grimstad
Telefon (47) 22 18 51 00
Telefax (47) 37 04 45 13

NIVA Region Innlandet

Sandvikaveien 59
2312 Ottestad
Telefon (47) 22 18 51 00
Telefax (47) 62 57 66 53

NIVA Region Vest

Thormøhlensgate 53 D
5006 Bergen
Telefon (47) 22 18 51 00
Telefax (47) 55 31 22 14

Tittel Vurderingar omkring utslepp frå planlagt reinseanlegg ved Notanes i Øystese	Løpenummer 7099-2016	Dato November 2016
Forfatter(e) Lars G. Golmen	Fagområde Hydrologi og oseanografi	Distribusjon Open
	Geografisk område Hordaland	Utgitt av NIVA

Oppdragsgiver(e) Kvam herad, ved Norconsult AS	Oppdragsreferanse Jan-Inge Nilssen
	Heftenr.:

<p>Sammendrag</p> <p>Kvam herad i Hordaland skal bygge nytt kommunalt avløpsreinseanlegg på Notaneset ved munningen av Vikeelva i Øystese. Resipient for avlaupsvatnet er Øystesebukta, der Øysteseelva og Vikeelva renn ut. Foreliggende rapport gjev greie for miljøtilhøve, målingar, vurderingar og simuleringar for ulike utsleppsløysingar. Utgangspunktet for plassering av utsleppet er i området aust-nordaust for Lundaneset. Straumen der går for det meste mot sør, bort frå elvemunningane. Sjiktinga i sjøen er slik at utsleppsvatn frå 30 m djup og djupare ikkje stig så høgt opp at det kan interferere med vatn i elvemunningane. Rapporten tilrår å legge utsleppet på minimum 35 m djup i området utanfor Lundaneset.</p>
--

<p>Fire emneord</p> <ol style="list-style-type: none"> Kommunalt avløp Elvemunning Sjøresipient Hardangerfjorden 	<p>Four keywords</p> <ol style="list-style-type: none"> Municipal outfall River mouth Sea recipient Hardanger fjord
--	---



Lars G Golmen
Prosjektleder



Kai Sørensen
Forskningsleder

**Vurderingar omkring utslepp frå planlagt
reinseanlegg ved Notanes i Øystese**

Føreord

NIVA fekk i oppdrag frå Kvam herad gjennom Norconsult AS å gjennomføre ei gransking i Øystesebukta ved og rundt planlagt stad for utslepp frå nytt reinseanlegg som er under planlegging på Notaneset. Utsleppet frå anlegget vil ligge ved munningen av Vikeelva og ikkje så langt frå munningen av Øysteseelva, slik at "elvemunningsproblematikk" var spesielt aktuelt å vurdere.

Prosjektet kom i gong i april 2016. Det feltmessige har bestått i eit program for måling av sjikting/hydrografi i regi av Kvam herad fram til medio oktober, samt strømmåling over ein månads tid om sommaren.

Erling Eid var kommunens kontaktperson. Fleire andre frå kommunen deltok i måleprogrammet: Nils E. Stranden, Reidar Olsen, Magnar Dalatun med fleire.

Jan-Inge Nilssen var Norconsult sin avtalepart overfor NIVA. Forskar Anna Birgitta Ledang ved NIVA bidrog med dataframstilling.

Takk til alle involverte.

Bergen/Oslo, november 2016

Lars G. Golmen

Samandrag

Kvam herad i Hordaland skal bygge nytt kommunalt reinseanlegg på Notaneset ved munningen av Vikeelva i Øystese. Anlegget vert dimensjonert for tilførsler av avlaupsvatn frå Norheimsund, Kvamskogen og Øystese. Anlegget er planlagt sett i drift med primærreinsing i desember 2018.

Tilstøytande resipient for avlaupsvatnet er Øystesebukta. Til denne bukta renn Øysteseelva og Vikeelva ut. Utslepp i nærleiken av elvemunningar har særskilt miljøfokus, og Kvam herad har gjennom Norconsult AS difor tinga ei undersøking hos Norsk institutt for vannforskning, NIVA, for å få ei nærare vurdering av utsleppspunkt av reinsa avlaupsvatn som omtalt og oppsummert i foreliggende rapport.

I perioden april-oktober 2016 vart det gjennomført ulike målingar og registreringar i indre del av Øystesebukta for å skaffe datagrunnlag for vurderingane. Med assistanse frå heradet vart det gjennomført 13 runder med hydrografiske målingar. Strømmåling utanfor Lundaneset vart utført i juni-juli, og i tillegg vart det gjort visuelle registreringar av botntilhøva m.m. Basert på datamaterialet og øvrig tilgjengeleg informasjon om reinseanlegget, elvane og Øystesebukta er det gjort analyser av målingane med etterfølgjande modellsimuleringar og vurderingar for ulike moglege utslepps-scenarier.

Dei hydrografiske målingane synte tydeleg lagdeling i sjøen det meste av tida med eit godt utvikla brakkvasslag, tydelegast om sommaren, og med sprangsjikt liggande i intervallet frå rundt 4 m til rundt 8 m djup. Oktober hadde dette året svakare/mindre mektig brakkvasslag enn elles, truleg grunna uvanleg mykje nedbør om sommaren. Strømmålingane synte moderat strømsstyrke, 3,5 – 4 cm/s i middel, frå 30 m djup og til nær overflata. Kun korte periodar med svak eller null straum. Dominerande strømreretning var mot sør/sørvest, d.v.s. bort frå elvemunningane. Sjøbotnen i munningsområda består av småstein, mens det lenger ute er meir sand og leire, med observert tett forekomst av kråkeballar.

Det er gjort simulering for utslepp av vatn i 30 m, 35 m og 40 m djup med basis i dei målte sjiktingstilhøva i Øystesebukta, høg, middels og minste utsleppsfluks samt andre inngangsdata. Modellen bereknar m.a. innlagringsdjupet for utsleppsvatnet, altså det djupet der vatnet stansar oppstiginga og byrjar spreie seg horisontalt i sjøen. Det generelle biletet frå simuleringane er at når vassfluksen aukar eller utsleppsdjupet minkar, minkar innlagringsdjupet. For utslepp i 30 m djup vil innlagringa skje rundt 18-20 m djup. For utslepp i 35 m ligg verdien rundt 25 m djup, og for utslepp i 40 m djup rundt 28-29 m djup. Grunnaste berekna verdi for høgste oppstiging for likevekta i innlagringsdjupet ved middel vassfluks er rekna til 21 m (utslepp i 40 m djup), 17 m (35 m djup) og 12.6 m (30 m utslepp).

Desse verdiane er alle godt under djupnene i munningsområda til dei to elvane i Øystesebukta. Dermed skal eit utslepp djupare enn 30 m djup ikkje kunne påverke vatnet i munningane av dei to elvane i ein normalsituasjon (Qmid), men sirkulere i Øystesebukta for det meste utover, tidvis innover, men under sjikt som sirkulerer inn/ut av munningane.

I så måte er utslepp på -30 m i følgje berekningane tilstrekkeleg djupt for å unngå risiko for påverknad. Men sett i lys av at vi ikkje har hatt tilgang på målingar frå vinterhalvåret, då sjiktinga er svakast (og oppstiginga forventast å nå høgst opp), så tilrår vi å legge utsleppet på minimum 35 m djup.

Eksakt plassering kan vurderast i høve til botntopografien men vårt utgangspunkt har vore i området der straummålaren stod, i forlenginga av dagens utslepp, aust-nord aust for Lundaneset.

Summary

Title: Environmental assessments regarding the discharge from the new municipal water treatment plant at Notanes in Øystese
Year: 2016
Author: Lars G. Golmen
Source: Norwegian Institute for Water Research, ISBN 978-82-577-6834-8

The municipality of Kvam in Hordaland county, Norway, plans to build a new treatment plant for most of their municipal water. The plant will be located at Notanes, on the bank of the Vikeelva river. Also the larger river Øyseselva ends up in the adjacent bay Øystesebukta, which will receive the cleaned water discharge from the plant, according to the permit issued by the County Sheriff, Fylkesmannen. Kvam municipality asked NIVA, the Norwegian Institute for Water Research, to make an assessment on the safe location of the point of discharge, with special emphasis on avoiding interference with the two rivers. The present report summarizes the results of the assessments.

During April-October 2016, a measurement campaign was performed in the Øystesebukta, in order to obtain field-data for the assessments. This included 13 surveys for hydrography, 5 weeks of current measurements, visual observations of the seabed and some experiments with current drogues. New data were analyzed and evaluated against existing data and information, prior to be used in model simulations for the discharge.

Significant stratification in the upper layers of the bay prevailed throughout the measurement period, with the main halocline usually found between 4-8 m depth. The current measurements showed moderate speed, with average around 3.5-4 cm/s from 30 m depth to near the surface, where speed was higher. The dominating current direction was towards south or south-west, i.e. away from the river mouths. The seabed was smooth with pebbles and shells in the river mouth and changing to sand and silt at larger depths. Sea urchins were present in abundance.

A numerical plume model was used to calculate the dispersion of the discharge water released at 30 m, 35 m and 40 m depth, respectively, with fluxes representative of the future discharge, and data from the bay. The depth of plume interleaving in the ambient water will deepen with deeper- and also larger discharge. This neutral depth layer will be at around 18-20 m, 25 m and 28-29 m depth, respectively, for discharge at 30 m, 35 m and 40 m depth. The shallowest calculated plume overshooting depths were around 12-13 m for the 30 m discharge, and deeper for the other alternatives.

It is concluded that these depths are all well below the shallow depths of the river mouths, so a discharge deeper than 30 m will not affect the mouths but disperse further and circulate in the bay itself before entering the fjord outside. As no winter data for stratification were available for the calculations, we recommend conservatively to locate the discharge point at minimum 35 m depth, in a position off Lundanes, in the vicinity of the discharge from the existing treatment plant.

Innhold

1 Innleiing	7
1.1 Bakgrunn for oppdraget.....	7
1.2 Nokre problemstillingar	9
1.2.1 Om utslepp i elvemunning	9
1.3 Eksisterande utslepp.....	13
1.4 Nytt, planlagt RA	13
1.5 Miljøtilstanden i Øystesebukta.....	13
1.6 Eksisterande data	14
2 Måleprogrammet i 2016	17
2.1 Hydrografimåling	17
2.2 Strømmåling.....	18
2.3 Registreringar med strømkors.....	19
2.4 Undervasskamera	19
3 Resultat for hydrografi	20
4 Resultat for strømmåling	23
4.1 Resultat for strømkors og visuelle observasjonar	28
5 Modellering	29
5.1 Berekingar med Jetmix.....	29
5.1.1 Omtale av resultata	30
5.2 Berekingar med Cormix.....	34
5.2.1 Omtale av resultata	35
6 Oppsummering	37
6.1 Hydrografi.....	37
6.2 Innlagring av utsleppsvatnet (Jetmix resultat)	37
6.3 Effekt av strømmen.....	37
6.4 Endring av vassføring i Øysteseelva	37
7 Referansar	38

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for oppdraget

Kvam herad i Hardanger, Hordaland, skal etablere eit nytt reinseanlegg for avlaup på Notaneset i Øystese (Figur 1 og Figur 2) ved munningen av Vikeelva. Her skal avlaupa frå områda i Øystese, Norheimsund og Kvamskogen samlast og reinsast.

Fylkesmannen har gitt løyve til at avlaupsvatnet frå anlegget, etter primærreinsing, vert sleppt ut på djupt vatn (om lag 40 m djupne) i Øystesebukta. Denne bukta høyrer til Ytre Samlafjorden i Hardangerfjorden. Der er eit utslepp i bukta dag, frå eksisterande reinseanlegg for Øystese som skal erstattast av det nye reinseanlegget plassert på same stad.

Både Vikeelva og Øysteseelva munnar ut i bukta. Det er ein føresetnad for utsleppsløyvet (side 9) at det nye utsleppet får god innblanding i sjøen ikkje medfører risiko for påverknad av strandlinja. Strandlinja inkluderer munningane (elveosane) til dei to elvane. Vikeelva vil ligge nærast utsleppet, men Øysteseelva har størst vassføring og er del av eit vassdrag med sterke miljø- og verneinteresser. Begge munningane er relativt smale og grunne, sjå foto i Figur 3.

Ved optimal plassering av avlaupet vil ein sikre god innblanding og fortynning i sjøen og at risikoen for påverknad av strandlinja blir eliminert. Føreliggande rapport omhandlar vurderingar og analyser rundt dette å finne beste plassering (avstand, djupne) for avlaupet.



Figur 1. Kart over Øystese/Norheimsund i Kvam, på nordsida av Hardangerfjorden.

Norsk institutt for vannforskning, NIVA, har lenge arbeid med problemstillingar knytt til utslepp ved elvemunningar, og med forskrifter knytt til dette (KLIF/MDIRs forskrifter/retningslinjer TA 1890/2005 og TA-2237/2007). Norconsult er rådgjevar for prosjekteringa av reinseanlegget. Selskapet kontakta NIVA våren 2016 med spørsmål om å foreslå eit prosjekt på vegne av Kvam herad rundt vurdering av plasseringa av det nye utsleppet. Avtale om dette vart inngått i april 2016, og eit måleopplegg vart starta opp omgåande (sjå kapittel 2).

Eit av måla med prosjektet, var å få verifisert sjikting- og straumtilhøve i Øystesebukta over tid og basert på dette, gje råd om utleppspunkt som ikkje medfører at utleppsvatnet interfererer med elvane. Måling av straum og sjikting i sjøen, var såleis viktige element, for å få grunnlag for dei etterfølgjande teoretiske vurderingane.



Figur 2. Utsnitt av sjøkartet (C-map) for Øystesebukta og sørover mot Ytre Samlafjorden og Hardangerfjorden. Raud stjerne indikerer posisjon for straummålingane sommaren 2016.



Figur 3. Foto av munningen av Vikeelva (t.v., oktober 2016) og Øysteseelva (april 2016).

1.2 Nokre problemstillingar


1.2.1 Om utslepp i elvemunning

Dersom eit utslepp vert definert som å ligge i ei elvemunning, kan styresmaktene gjennom Avløpsdirektivet og Forureiningsforskrifta stille strengare krav til reinsing enn om utsleppet blir ført utanfor elvemunninga. Utsleppet frå Notanes reinseanlegg fell inn under § 14 i forureiningsforskrifta der det er opna for å gjere unntak frå kravet om sekundærreinsing til mindre følsamt område. For utslepp til sjø kan unntak gjevast for utslepp mellom 10.000 og 150.000 pe, medan grensene for unntak for utslepp til elvemunning ligg mellom 2.000 og 10.000 pe.

Krava er mynta på elvar over ein viss storleik; det er referert til vassføring over $10 \text{ m}^3/\text{s}$ i veilederen (MDIR 2005). Øysteseelva har middelvassføring på $4.8 \text{ m}^3/\text{s}$ ved kraftverket (NVE 2010). Vikeelva er mindre, med under halvparten av vassføringa i Øysteseelva.

Dersom BKK sine planar om overføring av vatn frå Øystesevassdraget til Samnangervassdraget vert realisert (NVE 2010), så vil vassføringa i Øysteseelva bli redusert med om lag 30%. Det overførte vatnet vil i staden gå ut i Samnangerfjorden, noko som teoretisk kan bidra til å redusere brakkvasskarakteristikken i Øystesebukta (men neppe endre blandingstilhøva for avlaupsvatnet). For minstevassføringa vert det liten endring slik vi tolkar innstillinga frå NVE. Sjå også våre kommentarar i kapittel 6.

I våre vurderingar og berekningar er det dagens situasjon for ferskvasstilførsler og sjikting i Øystesebukta som er lagt til grunn.



Figur 4. Illustrasjon av straumtilhøva i ein elvemunning og korleis eit feilplassert utslepp kan påverke vatnet og botnen i elvemunningen og innover i elva.

Det er ingen klar definisjon av omgrepet ”elvemunning” i EU sitt Avløpsdirektiv som harmonerer med norske tilhøve (MDIR 2005). Ein må difor basere seg både på faktiske målingar, simuleringar og erfaring/skjønn ved vurdering av utbreinga av ein elvemunning, i vårt tilfelle nedre grense som kan strekke seg ut i bukta/fjorden.


Eit ned-dykka utslepp frå eit reinseanlegg som frå det nye i Øystese, kan forventast å bestå av ferskvatn som er lettare enn sjøvatn (densitet ca 1,0 kg/l mot 1,025 kg/l for sjøvatn). Utsleppsvatnet vil dermed stige oppover i sjøen mens det gradvis blir innblanda med omgevande sjøvatn, slik at kontrasten gradvis blir utviska.

På eit visst djup vil utsleppsvatnet slutte å stige, og derfrå fordele seg horisontalt utover i sjøen i det som blir kalla innlagingsdjupet (sjå Figur 4 og Figur 24). Ved straumstille vil utbreinga i horisontalplanet vere radielt symmetrisk, som ein soppsky. Med straum vil det oppstå ei asymmetrisk sky som fordeler seg nedstrøms frå utsleppspunktet.


Overgangen mellom elvevatn og fjordvatn (i overflata) kan vere karakterisert av ein konvergenssone eller front med tydelege gradientar i salinitet (Figur 5 og Figur 6). Denne fronten kan også vere synleg (render eller skilnad i bølgeomønster), men let seg best bestemme med målingar i sjøen. Opplysningar om topografi, utbreiing av marin flora/fauna samt numerisk simulering kan gje støtte for slike vurderingar. For Vikeelva og Øysteseelva er det ikkje tidligare gjort spesifikke vurderingar kring dette.

For tilfellet der utsleppet ligg nær ein elvemunning vil ein ved ugunstig plassering av utsleppet kunne risikere at utsleppsvatnet blir dradd innover mot elvemunningen av den innoverretta "kompensasjonsstrømmen" som blir skapt av elvevatnet (illustrert i Figur 4). Strandlinja og botnen i munningen vil i eit slikt tilfelle kunne bli påverka, og det er difor viktig å få lokalisert aktuelle utslepp djupt nok og/eller langt nok borte frå elvemunningen til å unngå dette.

For Øysteseelva er oppvandrande og utvandrande fisk, aure//laks, noko som har ekstra merksemd. Vikeelva, til samanlikning, har hatt mindre miljøfokus, truleg fordi den er mindre viktig, økologisk sett. Oppvandring skjer om hausten i sbm gyting og med yngel/smolt som går ut om våren. Antakeleg er de desse to periodane som er mest kritisk m.o.t. påverknad.



Figur 5. Mogleg fordeling av elvevatn (grøn farge) utafor ein elvemunning om vinteren. Iso-linene er for salinitet.



Figur 6. Mogleg fordeling av elvevatn om våren/sommaren.

Utsleppsvatnet frå anlegget vil ha gjennomgått primærreinsing, det vil sei at konsentrasjonen av BOF_5 skal ha minst 20 % reduksjon eller maks 40 mg O_2/l mens suspendert stoff (SS) skal ha ein reduksjon på minst 50 % eller maks 60 mg/l. I eit vel-fungerande anlegg vil såleis mykje av partiklane bli fjerna før restvatnet går til fjorden. Utsleppsvatnet vil likevel innehalde noko suspendert stoff, som også

representerer ein viss konsentrasjon av TOC. Dette vil kunne medføre redusert vasskvalitet (reduisert lystilgang m.m.) og eventuell nedslamming av botnen i området nær utsleppspunktet og eit visst potensiale for auka oksygenforbruk i sjøen.

Det er dei minste partiklane som gjerne blir med ut i fjorden, og desse kan og ha en tendens til å spreie seg fortast/lettast før dei sedimenterer på botnen. Dei vil spreie seg med utsleppsvatnet og følgje straumen i området, vekk frå utsleppsstaden. Mens dei blir ført vekk vil dei kunne søkke langsamt mot botnen. Tabell 1 gjev nokre tal for kor raskt synkinga kan skje for ulike partikkelstorleiker.

Med faktiske tal for karakteristikken til avlaupsvatnet, kopla mot målingane i sjøen og modellberekningar, vil ein kunne sei noko om kor stort influensområdet i Øystesebukta kan verte.

Innblanding nede i djupet av avlaupsvatn bestående av ferskvatn vil kunne bidra til å redusere sjiktinga (svekke brakkvasslaget) og sirkulasjonen i Øystesebukta. I teorien vil slik endring og refordeling kunne påverke artar i strandsona og endre vekstvilkår for desse (saltare vatn).

Eit dykka utslepp vil på den andre sida bidra til betre blanding og omrøring/utskifting i sjøen rundt utsleppspunktet, noko som kan verke i positiv retning miljømessig sett.

Tabell 1. Nokre eksempel på synkehastighet for partiklar i sjø, for ulike partikkelstorleik. Frå Akvaplan-niva (2010).

Partikkelstørrelse [μm]	Vertikal synkehastighet [m/døgn]
2000	934662,7
1000	230327,6
500	9213,1
200	2303,2
100	1474,1
80	914,2
63	575,8
50	368,5
40	207,3
20	92,1
15	51,8
10	23,0
5	5,8
2	0,9

Medriving av nærings salt til overflata

Det neddykka utsleppet av vatn vil stige oppover i sjøen og vil trekke med seg noko sjøvatn som kan ha høgare nærings saltkonsentrasjon enn vatnet i overflata. Viss utslepps-"skya" stig opp til overflatesjiktet vil slike tilførsler teoretisk kunne medføre risiko for auka algevekst.

Vatnet frå djupare sjikt i Øystesebukta kan ha noko høgare nærings saltverdiar enn grunnare sjikt (målingar frå 2009 tyder på det). I og med at utsleppet skal leggjast djupt nok til å unngå overflatepåverknad, skal slik "kunstig oppstrøyming" ikkje medføre nokon merkbar verknad på algevekst i øvre lag i dette tilfellet.

1.3 Eksisterande utslepp



Der er i dag eitt utslepp til indre del av Øystesebukta frå det eksisterande reinseanlegget i Øystese. Anlegget ligg der det nye anlegget er tenkt plassert, på Notaneset, som er del av søre breidda av Vikeelva. Sjå kartet i Figur 7, avlaup merka "1". Avlaupet merka "1" er eit eksisterande naudoverlaup.

I tillegg går det ut ei sigevassledning litt lenger inne, nærare munningen av Øysteseelva.

Figur 7. Eksisterande utsleppsleidningar i Øystesebukta (frå Resipientanalyse, 2011, med våre påteikningar).

1.4 Nytt, planlagt RA

Det nye reinseanlegget skal lokaliserast på sørsida av munningen til Vikeelva, sjå Figur 8. På teikning i figur 8 viser ein også at det er mogleg å etablere ei framtidig gangbru tvers over elvemunningen. Anlegget er planlagt å stå ferdig innan utgangen av 2018. Utsleppsløyvet gjeld for inntil 16.120 pe.

Utsleppsleidningen vil gå frå anlegget og ut i bukta (Figur 8) til, antydningvis 40 m djup (jfr. utsleppsløyvet), utan diffusor dersom det er tilrådeleg.

40 m djup kan nåast i forlenginga av dagens leidning ut forbi punktet der straummålaren stod sommaren 2016. Vår hydrografiske stasjon (målepunkt) Nr 7 var ved 40 m djup (Figur 12).

Dimensjonerande vassføring gjennom det nye anlegget vil bli (Kjelde Norconsult):

Q maks:	400 m ³ /time
Q middel:	70 m ³ /time
Qmin (antatt):	40 m ³ /time

Til samanlikning er middelvassføringa i Øysteseelva på 4,8 m³/s, eller vel 17.000 m³/time. Dette syner at det er, relativt sett, små vassmengder som vil gå ut frå det nye reinseanlegget til fjorden.

1.5 Miljøtilstanden i Øystesebukta


Miljøtilstanden i Øystesebukta vart karakterisert som god etter granskingane i 2009 (Resipientanalyse 2011) og motsvarande etter NIVAs granskingar i 2015 på Stasjon S4 (NIVA 2016, sjå avsnitt 1.6). Vasskvaliteten er karakterisert som "Særs god". Botnfauanaen viser trend mot meir artsrikdom, samanlikna med prøver frå 1981 og framover (NIVA 2016). Det synest vere lite/ingen teikn på påverknad frå eksisterande utslepp i strandsona eller på botnen, bortsett frå litt sedimentering på botnen lokalt i utsleppsområdet (Resipientanalyse 2009).

1.6 Eksisterende data

Målingane som Resipientanalyse gjennomførte sommaren 2009, utgjer eit omfattande materiale, sjå rapporten (Resipientanalyse 2011). Døme på resultat, målt salinitet og temperatur, er synt i Figur 9.

NIVA gjennomførte ei resipientgransking i Hardangerfjorden og Sørfjorden sommaren 2015 (NIVA 2016). Denne inkluderte også prøvetaking i Øystesebukta. Det vart gjort hydrografimålingar på ein stasjon S4 der det er 65 meter djupt, og på ein stasjon S5 lenger ute ved 306 m djupne mot Samlafjorden som er relativt langt frå indre deler av bukta og elvemunningane, som er av størst interesse no.


Resultat frå målingane (salinitet) gjennom sommaren 2015 på Stasjon S4 er synt i Figur 10. Målingane både på S4 og S5 synte tidvis sterk sjikting med brakkvatn ned til ca 5 m djup.




Figur 8. Øverst: Situasjonsplan (Norconsult 2016) med nytt anlegg (skarp gul farge) og leidningar i sjøen. Nedst: Skisse av nybygget på Notaneset ved Vikeelvas munning (Geoplan 2015).

Resipientanalyse gjennomførte også strømmåling i nærleiken av utsleppet frå Notaneset i perioden 26. juni til 27. juli 2009. Resultat av desse målingane er synt i Figur 11. Den gjennomsnittlige straumen i heile vassøyla låg i alle måledjup over 8,0 cm/s. Påverknaden frå tidevatnet var liten, og retninga varierte (Resipientanalyse 2011). Ut frå det me kan sjå av målingane, var det tendens til sørgående strøm i alle måledjup.


Sams for dei gjennomførte målingane, også dei nye målingane, er mangel på målingar om vinteren. Dette er imidlertid truleg den minst sensitive perioden m.o.t. miljøpåverknad.



Figur 9. Tidsutvikling for målt salinitet og temperatur, samt utrekna densitet frå 11. mai-10. august 2009 på tre stasjonar i Øystesebukta frå nær land (S1) og ut til 60-70 m djup (S3). (Resipientanalyse 2011).



Figur 10. Målt salinitet i Øystesebukta, Stasjon S4, sommaren 2015 (NIVA 2016).



Figur 11. Resultat av strømmåling i Øystesebukta 26. juni til 27. juli 2009 i Øystesebukta (frå Resipientanalyse 2011).

2 Måleprogrammet i 2016

2.1 Hydrografimåling

Prosjektet hadde relativt knapp tidsramme og det vart difor rigga for å få kome i gong raskt og å samle inn så mykje data som mogleg, noko for å ta høgde for evt. spørsmål som kunne dukke opp undervegs.

Innafor prosjektperioden i 2016 vart det samla inn data for salinitet/temperatur i sjøen; hydrografi, i eit fast stasjonsnett i munningsområdet og utover (Figur 12). Det var 16 posisjonar (stasjonar) i alt, som vart repetert med måling med SAIV type STD-sonde om lag kvar 10. dag med assistanse frå kommunen. Data frå kvart tokt vart sendt til NIVA for kontroll og lagring.

I løpet av perioden var det 12 tokt, med eit supplerande tokt 13. oktober då det vart målt i to punkt. Tabell 2 syner tidspunkt og omfang av desse målingane.



Figur 12. Stasjonsnettet for hydrografi i 2016. "Målar" indikerer posisjon for strømmålaren. Figur: Kvam herad.

Tabell 2. Oversyn over tokt og målepunkt for hydrografi i måleperioden i 2016.

Posisjon	Toktdato, 2016													
	11/4	12/5	24/5	2/6	15/6	28/6	7/7	27/7	11/8	23/8	7/9	29/9	13/10	
1	X		X	X			X	X	X	X	X	X		
2	X		X		X		X		X	X	X	X		
3	X		X	X	X		X		X	X	X	X	X	
4	X	X	X		X		X	X	X	X	X	X		
5	X	X	X	X	X		X			X	X			
6	X	X	X	X	X	X	X		X	X	X			
7	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	X	X	
8	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		
9	X	X	X	X	X			X	X	X	X	X		
10	X		X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		
11	X													
12	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		
13	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		
14	X		X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		
15	X		X	X		X	X	X	X	X	X	X		
16	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	X		
17	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	(X)		

X: OK data. Pos. 11 tatt ut av programmet etter 1. tokt


2.2 Strømmåling

Strømmålingane i prosjektet vart gjennomført i eit punkt i området for planlagt nytt utslepp ut for Lundaneset (sjå posisjon i Figur 2 og Figur 12). Måleperioden var 25. mai – 5. juli 2016.

Strømmålaren stod like over botnen, på om lag 30 m djup (Figur 13). To trålkuler i 10 m langt tau frå målaren løfta denne opp og heldt den vertikalt (utan at kulene kom i vegen for lydstrålane). Figur 14 syner rigg-anordninga. Djupet på staden var omlag 31 meter.

Måleinstrumentet var ein profilerande Doppler (NORTEK 600 kHz Aquapro) målar som ved hjelp av lyd-pulsar registrerer strømmen samstundes og fortløpande i mange sjikt (celler) oppover i vassøyla. Lydpulsane (tre svingingar) går på skrå oppover, i ein liten vinkel frå vertikalen. Trålkulene låg såleis i skuggen av lydbanane slik at dei ikkje forstyrra målingane. Talet på måleceller var satt til 20, kvar celle var 3 m tjukk. Måleintervallet var 10 minutt.

Dette er ein effektiv måte å måle straumfart på, og med det arrangementet som vi nytta, slapp vi overflatebøye. Målaren vart senka ned etter eit tau, som vi så slakka ut og la langs botnen nordover til land ved Lundaneset. Opptak av målaren skjedde ved å plukke opp dette tauet og så hale opp riggen igjen. Målaren gjev tett med data i vertikalen, men øvste sjiktet nær overflata, kan ha usikre data grunna refleksjonar frå sjøoverflata. Likeeins har sjiktet nærast målaren usikre data (blanking distance).




Figur 13. Målt temperatur (blå kurve) og trykk (djup) gjennom måleperioden. Sensorane var plassert i sjølve målaren som stod på om lag 30 m djup. Trykket varierte +/- 0.5 meter rundt middelerdien på 29,5, i takt med flo-fjøre. Det kan sjåast eit sekundært signal i tidevatnet, med ein lokal toppverdi før full flo, og motsvarande på fallande sjø.

2.3 Registreringar med strømkors

På nokre av hydrografitokta vart det satt ut to s.k. strømkors for å følgje med korleis dei dreiv. Strømkorsa hang frå overlatemarkør i h.h.v. 0.5 m og 3 m djup. Dei vart satt ut i same posisjon, og så kunne ein følgje med og notere posisjonen etterkvart som dei skilde lag, grunna ulik straum nedover i djupet.

2.4 Undervasskamera


13. oktober gjorde me eit tokt med eit nedsenkbart kamera for å studere sjøbotnen i området ved elvemunningane og utover i retning tiltenkt utsleppsstad.




Figur 14. Skisse av rigging for strømmålar i Øystesebukta. Botndjupet var rundt 31 m, målaren stod i 30 m djup.

3 Resultat for hydrografi

Eksempel på vertikalprofilar er synt i Figur 15 og Figur 16, i dette tilfellet for målepunkt 7, som er i området for planlagt utslepp. Målingane der rakk ned til 40 m djup eller djupare. Målingane frå punkt 7 er også nytta vidare i modellberekningane (Kapitel 5). Resultata syner eit bra utvikla brakkvasslag, tydelegast om sommaren, med sprangsjikt varierende frå rundt 4 m til rundt 8 m djup. Sommaren 2016 var veldig fuktig på Vestlandet fram til august, og dette er reflektert i sjiktinga. Oktober hadde svakare/mindre mektig brakkvasslag enn om sommaren.



Figur 15. Hydrografisk profil (målepunkt 7) målt 11. april (øverste graf) og 24. mai, 2016.



Figur 16. Hydrografisk profil (målepunkt 7) målt 27. juli (øverste graf) og 13. oktober, 2016.

Målingane frå nær overflata i punkta (stasjonane) på lina frå Lundaneset og retning mot nordaust er henta ut og lista opp i Tabell 3. Målingane får kvart tokt er gjennomgått og verdiar mest mogleg representative for 0.25 m og 0.75 m djup er notert. Målesonden målte i tidsintervall og det var sjeldan målingar i eksakt desse djupa slik at nærliggande måleverdiar er interpolert skjønsmessig mellom nærliggande djup.

Verdiane i 0.25 m var, som forventa, alltid lågare enn verdiane i 0.75 m djup. Resultata syner ein tendens til lågast salinitet på Lundanes-sida av bukta, men det er ingen markerte skilnader eller frontar, og tidvis er det mindre salte vatnet midt i bukta eller over på andre sida. Det kan tyde på at vatnet frå dei to elvane har ein tendens til hyppigast å følgje fjorden utover på Lundanes-sida.

Skilnadane frå tokt til tokt kan skuldast varierende elvetilførsel og varierende lagdeling i tilstøytande Samlafjorden, og tidspunkt i høve til flo/fjøre kan også ha påverka sjiktinga. Med så mange gjennomførte prøverunder bør utslaga grunna desse faktorane bli jamna ut.

Tabell 3. Målt salinitet (saltinnhald, gram/kg) like under overflata (0-0.5 m) og rundt 0.75 m djup i sjøen i Øystesebukta på dei åtte stasjonane langs lina frå Lundaneset og mot nordaust. Med berekna gjennomsnittsverdi pr tokt (høgre kolumnen) og pr stasjon (nedre line). Lågaste salinitetsverdiar for kvart tokt er indikert med gul farge. Ruter merka med "-" representerer manglande stasjonsdata, og verdiar merka med "?" var vanskeleg å bestemme grunna manglande målingar i aktuell djupne.

0-0.5 m

Dato/Stasjon	St 8	St 9	St 10	St 5	St 12	St 13	St 14	St 15	Snitt
11/4	16.0	24.7	22.1	18.5	21.5	18.9	13	10.4	18.1
12/5	-	15.5	-	22.5	22.8	16.5	-	-	19.3
24/5	10.0	13.0	8.2	15.1	9.0	7.5	11.3	15.0	11.1
2/6	10.4	12.4	15.8	16.0	14.5	15.0	16.3	13.3	14.2
15/6	5.1	5.6	5.0	6.2	4.6	10.5	11.0	-	6.9
28/6	7.5	-	13.0	-	9.2	12.2	15.7	14.5	12.0
7/7	10.0	-	8.0	10.0	8.5	8.5	12.1	10.0	9.6
27/7	7.2	9.1	7.4	-	7.9	10.7	10.8	10.7	9.1
11/8	5.5	6.4	14.5	-	13.8	9.0	13.0	9.0	10.2
23/8	9.0	8.2	8.9	9.0	9.0	9.1	8.0	8.8	8.8
